

MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for eldre
Møtestad	Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	17.9.2014
Kl.	10.15-15.40

Faste medlemer til stades: Eivind Skjerven, Kristoffer Skjolden, Harald Ekroll og Anita Nybø

Forfall til møtet: Anna Sofia Skaar

Varamedlemer til stades: Ingen

Til stades med møte- og talerett: Bjørn Birger Bremer

Sekretariat for møtet: Arvid Stenehjøm og ny sekretærstøtte, Anne-Kjersti Stavø Stenehjøm deltok i møtet frå klokka 11.30


Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til at alle saker skulle handsamast i ope møte.

Møtebok frå 4. juni 2014 vart godkjend utan merknader.

Raskare utskriving av pasientar til kommunehelsetenesta – ein suksess?

Fylkesrådet inviterte denne gongen samhandlingssjef Vidar Roseth frå Helse Førde til å innleia.



Roseth viser til at tal liggedøgn for utskrivingklare pasientar har minka dramatisk etter innføringa av reforma med betalingsplikt for kommunane. Fallet i grafen til venstre start januar 2012 då reforma tok til å gjelde. Den totale gjennomsnittlege liggetidi har gått ned i spesialhelsetenesta. Ein ser også av statistikken at andelen av re innleggingar har auka noko.

Vi veit pr. i dag lite om forholda i den einsskilde kommune. Ikkje alle får einserom. Nokre kommunar melder om at dei strevar. Utskrivingklare pasientar har kanskje prioritet slik at andre må vente lengre på sjukeheims plass. Kanskje større

press i heimetenestene. Roseth sett opp følgjande retoriske spørsmål: Er tidspunktet for utskriving rett? Kva tilbud får pasientane etter utskriving? Kva med re innleggingar? Større press på sjukeheimane i kommunane? Større press på heimetenestene i kommunane? Meir oppstykk pasientforløp?

Samhandlingssjefen kunne ikkje gi noko eintydige svar på desse spørsmåla enno, men seier at han er i dialog med kommunane for å finne svara. Det skal gjennomførast fleire spørjegranskingar i samarbeid med kommunane. Det vert også lagt opp til case, gruppeoppgåver og drøftingar. Målgruppa i dette arbeidet er dei som arbeider med dette fagfeltet i kvardagen.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesak 1)

Studieturen til Island 5. - 8. mai 2014. Temaet var også meldesak i førre møte. Leiaren har no slutført rapporten.

Konklusjon/vedtak: Referatet frå turen har ikkje nådd fram til medlemmane eller til sekretariatet. Ein papirversjon vart kopiert og omdelt i møtet. Referatet frå fagturen vart teken til vitande. Den endelege versjonen kan følgje som vedlegg til fylkesrådet sin årsmelding.

Meldesak 2)

Det er no motteke eit referat frå Landskonferansen i Drammen 20. 22. 2014. Dette var meldesak 2 i førre møte. Det blir vurdert tema for ein evt. ein kommunal konferanse som fylkesrådet skipar til 2015.

Konklusjon/vedtak: Det føreligg ingen referat. Fylkesrådet tek meldinga til vitande.

Meldesak 3)

Konferanse for kommunale eldreråd 2015?

Konklusjon/vedtak: Rådet vil arbeide med å finne møteplasser der kommunale råd kan inviterast til å delta i fylkesråda sine møter på temadeler. Dette skal takast opp att i samband med neste møte der møteplan for 2015 skal vedtakast.

Meldesak 4)

Regional plan for folkehelse. «Rapport folkehelsearbeidet i Sogn og Fjordane 2011 -12 Sogn og Fjordane Fylke har gjennomført 3 møte som Arbeidsverkstader om Regional plan for folkehelse. Fylkesrådet for eldre si oppfølging av dette planarbeidet bør bli vurdert sidan dette er eit viktig tema for den eldre garde.

Konklusjon/vedtak: Rådet avventar ferdigstilling av sluttrapportar frå dette arbeidet. Fylkesrådet tek meldinga til vitande.

Meldesak 5)

Morgondagens aktivitetssenter. Referat frå Haustkonferansen til Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane primo august 2014. Etter avtale med Tone By kan ho kome til fellesmøte mellom fylkeseldreråda i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane i 2015.

Konklusjon/vedtak: Fylkesrådet tek meldinga til vitande.

Meldesak 6)

Fellessmøte nemnt ovanfor. Tid og stad (Volda eller Nordfjordeid). Førebels sakliste blir drøfta.

Konklusjon/vedtak: Sjå nærmare på dette i samband med møteplan 2015. Aktuelle saker; morgondagens aktivitet senter, folkehelse og folkehelseplan for fylket.

Meldesak 7)

Innspel til Folkehelsemeldingen. Regjeringen og KS arrangerar eit opent seminar der alle er velkomne til å komme med innspel til folkehelsemeldingen. Seminaret finner stad i Oslo 17. september. Det er også mogleg å komme med skriftlege innspell på regjeringa sine nettsider. Det vil vere mogleg å gi innspel fram til 15. oktober 2014.

Konklusjon/vedtak: Leiar og nestleiar i fylkesrådet formulerer eit innspel som kjem sekretariatet i hend før innspelsfristen.

Meldesak 8)

FN sin eldredag 1. oktober 2014 Tema i år er: Leaving No One Behind: Promoting a Society for All. <http://www.seniorporten.no> er Statens seniorråds nettsted.

Konklusjon/vedtak: Fylkesrådet tek meldinga til vitande.

Meldesak 9)

Rekneskap for fylkesrådet p.t 2014. Det blir lagt fram spesifikk oversyn i samband med Studietur til Island 5.-8. mai 2014

Konklusjon/vedtak: Forbruket ligg i samsvar med budsjettet. Fylkesrådet tek meldinga til vitande.

Meldesak 10)

Innspel til budsjett 2015/økonomiplan 2015-2018 sett i høve til fylkesrådet sitt vedtak i sak 4/14. Det vert orientert i møtet om saksframlegget til hovudutvala sitt møte den 23.09.2014. Truleg vert saksframlegga ferdig for utlegging offentleg den 16. eller 17. september.

Konklusjon/vedtak: Assisterande rådmann Bjørn Birger Bremer orienterte rådet om arbeidet med budsjett 2015 og om økonomiplanen for dei neste fire åra. Fylkesrådet tek orienteringa til vitande. Rådet protokollfører følgjande uttale:

I budsjettframlegget er det set av kr. 120 000,- til fylkesrådet sin møteaktivitet i 2015. Dette er veldig stramt og dekker kun møteaktiviteten og gjer anna utviklingsarbeid umogeleg. Læring og utviklingsarbeid som deltaking i seminar og samlingar vert det med slike rammer ikkje rom for. Fylkesrådet for eldre ønskjer ei påplussing på 50 tusen kroner ekstra på dei føreslegne rammene.

Meldesak 11)

Hovudutval for samferdsle (HS) ønskjer innspel/forslag til ruteendringar gjeldande frå 1. mai 2015. Samferdsledepartementet fastsette i 2013 nye retningslinjer for offentleggjering av ruteopplysningar for persontransport. Desse nye retningslinjene inneber at rutedata skal vere gyldige i minst 4 månader framover. Seinare vil det bli innført krav om at rutedata skal vere gyldige i 7 månader.

I praksis betyr denne endringa at rutetider som skal gjelde frå 1. mai 2015 må vere klare seinast 1. januar 2015. Endringa medfører også at rutetilbodet gjeldande frå 1. mai 2015 må avgjerast i samband med budsjettmøtet i fylkestinget i desember.

For å sikre tilstrekkeleg tid til utarbeiding av rutetabellane må HS handsame innspela i møtet 29. oktober.

Med dei kutta i overføringane frå staten som no ligg føre, vil det ikkje verte rom for utviding av rutetilbodet i 2015. Truleg vil det verte nødvendig med ein reduksjon av det samla rutetilbodet. Dersom de kjenner til ruter i kommunen som vert lite nytta, ynskjer HS å få tilbakemelding på dette. HS vil vurdere om ruta skal gjerast om til tingingsrute eller leggjast ned for å frigjere midlar. Innspel til endringar i rutetilbodet må vere oss i hende snarast råd, men seinast 26. september 2014.

Konklusjon/vedtak: Om ruteitilbod skal/må reduserast eller leggjast ned, ber fylkesrådet for eldre at ruter som knyter seg til serviceskyssen og tilbod eldre nyttar, vert oppretthaldne. Det er også ønskeleg at ein utvidar dette totalt rimelegare og betre tilbodet til målgruppa. Serviceskyssen kan bli eit inkluderande tilbod som gagnar alle inkludert dei eldre.

Meldesak 12)

Rettleiing i medverknad etter plan og bygningslova. Sjå www.planlegging.no

Det er ei viktig målsetting å legge til rette planprosessar som er opne, inviterande og inkluderande. De kommunale og fylkeskommunale råda for personer med nedsett funksjonsevne og eldre har ei viktig rolle i dette, jf. plan- og bygningslovens § 5-1 andre avsnitt. Rettleiaren gjev tilrådingar om korleis aktuelle interesser kan bidra i regional og kommunal planlegging når desse er råka. Regjeringa oppfordrar råda til å ta aktiv del i arbeidet med å få best moglege planar.

Konklusjon/vedtak: Fylkesrådet oppmodar administrasjonen til at dei vert høyrde i forkant og undervegs i alle relevante planprosessar.

Meldesak 13)

Skildring av prosjekt for å oppfylle tiltak 33 i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017.

Konklusjon/vedtak: Fylkesrådet tek meldinga til vitande.

Meldesak 14)

Kulturminnevern – eit prosessverktøy.

Konklusjon/vedtak: Fylkesrådet tek meldinga til vitande.

Meldesak 15)

Ymse – ingen saker vart fremja.

**SAK 5/14 Skriv og meldingar til møtet i fylkesrådet for eldre den
17.9.2014**

VEDTAK:

Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande

SAK 6/14 Val av ny nestleiar i fylkesrådet for eldre

VEDTAK:

Fylkesrådet for eldre vel Harald Ekroll som ny nestleiar i fylkesrådet ut inneverande valperioden.

**SAK 7/14 Framlegg til nytt medlem i det regionale brukarutvalet i
Helse Vest for perioden 2015-2017**

VEDTAK:

1) Etter avtale mellom fylkesråda i høvesvis Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland om rullering ønskjer rådet ikkje å fremje framlegg til medlem og varamedlem for neste periode.

2) Fylkesrådet støtter kandidatane som vert føreslegne frå fylkesrådet for eldre i Rogaland fylkeskommune.